



Sakshandsamar: Torunn G. Hønsi
Telefon: 57 64 31 43
E-post: torunn.honsi@fylkesmannen.no

Vår dato
20.05.14

Vår referanse
2014/2046
Rapportnummer
2014.041.I.FMSF

Halsvik Bil & Gjenvinning AS
Halsvikvegen 20
5960 DALSYRA

Tilsyn ved Halsvik Bil & Gjenvinning AS – krav om retting av avvik – varsel om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under/etter tilsynet. Rapporten omtalar også varsel om kontrollgebyr.

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Halsvik Bil & Gjenvinning AS	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): 979949758 Eigd av (foretaksnr.): 879 880 432
Stad og kommune: Halsvik, Gulen kommune	Kontrolldato: 24.04.14
Postadresse: Halsvikvegen 20, 5960 Dalsøyra	Anleggsnr. (internt nr.): 1411.0032.02
	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Jørgen Ringereide, 97 06 89 44	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Torunn G. Hønsi
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Miljøriskovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input checked="" type="checkbox"/> Miljøsanering av kasserte køyretøy	<input checked="" type="checkbox"/> Forsøpling og ureining til omgjevnader <input checked="" type="checkbox"/> Fast dekke og oljeutskiljar <input checked="" type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering og bruk av kjemikalier <input checked="" type="checkbox"/> Datablad
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Periodevis kontroll	

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **3** avvik frå ureiningsregelverket og løyvet. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke. Fylkesmannen varslar med dette at verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 12000,-** for kontrollen. De har frist til **10.06.14**, for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har sett i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten. Vi takkar for ei grei gjennomgang hjå verksemda tilsynsdagen

Med helsing

Dagny Alvik
senioringeniør

Torunn G. Hønsi
senioringeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sf

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Halsvik Bil & Gjenvinning AS, den 24.04.14.**

Vi intervjuar dagleg leiar i organisasjonen og granska dokument og gjennomførte verifikasjon av området. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt, innanfor dei tema som Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje alle sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak. Miljøvernmyndigheitene kan kome att og kontrollere andre forhold ved verksemda ved eit anna høve.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevningen. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte eller planlagde tiltaka innan 10.06.14. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak, t.d. bilete, kopi av deklarasjonsskjema, kopi av rutinar for handtering av farleg avfall, prøvetaking o.a.

Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda innan tidsfristen ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i verk sett eller planlagt i ein tidsplan, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

Oppsummering av viktige miljøkrav til biloppsamlingsplassar

1. Bilvrak skal miljøsanerast og ei lang liste med komponentar og væsker skal fjernast frå bilvraket for å unngå ureining av miljøet og for å kunne attvinnast (sjå vedlegg 1, til kap. 4 i avfallsforskrifta).
2. Plikt til å hindre ureining av miljøet frå sin aktivitet. Ein skal unngå væskelekkasje, og bilvrak og bildelar med risiko for lekkasje skal lagrast og handterast på fast dekke. Avrenning frå fast dekke skal gå til lukka tank eller via rett dimensjonert oljeutskiljar. Området skal vera inngjerda og avstengt, ein skal unngå forsøpling. Støyande aktivitet skal avgrensast til normal arbeidstid, om ikkje anna er tillate.

3. Farleg avfall skal handterast forsvarleg og i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljølovverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdato.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Varsel om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6 og kva risikoklasse verksemda har fått i utsleppsløyvet. Halsvik Bil & Gjenvinning AS er plassert i risikoklasse 3. Det vart informert munnleg om gebyret under tilsynet.

Fylkesmannen varslar med dette at Halsvik Bil & Gjenvinning AS skal betale eit gebyr på kr. 12000,- (sats 3) for den gjennomførte kontrollen.

Eit vedtak om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar eller klage på varsel om gebyr innan 3 veker, vert varselet rekna som eit endeleg vedtak. Faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Ei eventuell klage på vedtak om tvangsmulkt bør vere skriftleg grunngjeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

AVVIK

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Verksemda si handtering av farleg avfall har manglar

Avvik frå: Avfallsforskrifta §§ 11-4, 11-6 (handtering) 11-8 (levering) og 11-12 (deklarering), utsleppsløyve av 25.05.11, punkt 3.4

Kommentar:

Ikkje alt farleg avfall blir utsortert, levert årleg og deklarerert

Verksemda har levert store fraksjonar som spillolje (stoffnr. 7011) og organiske løysemiddel utan halogen (stoffnr: 7042) årleg, i følgje Norbas (register for farleg avfall). Men farleg avfallsfraksjonar som bilbatteri, oljefilter, oljefiller, kvikksølvbrytarar, sprayboksar kan verksemda

ikkje dokumentere at er levert som farleg avfall, då dette avfallet ikkje er deklarerert. Verksemda opplyser at noko farleg avfall vert levert til NGIR utan at det vert fylt ut deklarasjonsskjema for dette. Alle farleg avfallsfraksjonar som vert sanert frå bilvraka, og som oppstår som eit resultat av drifta av biloppsamlingsplassen skal leverast årleg, om mengda overstig 1 kg. Oljefasen i oljeutskiljar er farleg avfall, og må også leverast årleg etter dagens regelverk.

Verksemda tek imot farleg avfall utover det som fylgjer med køyretya utan særskilt løyve til dette

Verksemda har teke imot bilbatteri som er utskifta frå bilar frå privatpersonar og ulike bilverkstader. Verksemda har ikkje løyve til å handtere farleg avfall, som ikkje fylgjer med bilane inn på biloppsamlingsplassen. Fylkesmannen kan etter søknad, gjere endring i løyvet, om verksemda vil fortsette som mottak av enkelte farleg avfallsfraksjonar i framtida.

Avvik 2: Verksemda si lagring av usanerte bilar har manglar

Avvik frå: Avfallsforskrifta §4-7 andre ledd (jf. vedlegg 1 punkt 1), utsleppsløyvet av 25.05.11, vilkår 3.2

Kommentar:

Råma for samtidig lagring av bilvrak er noko overskride tilsynsdagen

På tilsynsdagen er det 488 bilar og 17 stk pressa bilvrak på området. Utsleppsløyvet av 25.05.11 har gitt råme for at 500 bilar maksimalt kan mellomlagrast på anlegget samtidig. Denne råma er slik så vidt overskride med 5 bilar. Verksemda forklarar dette med årsavgift fristen, då det kjem inn mange bilar på kort tid. Fylkesmannen er ikkje varsla om at råma er overskriden, i tråd med løyvet sitt vilkår 2. 3 siste ledd. Verksemda vurderer i etterkant av tilsynet, å søkje Fylkesmannen om auka råme for samtidig lagring av bilar på plassen.

Ikkje-miljøsanerte bilar står utanom fast dekke

Bilane står på eit plan, pressa bilvrak står på fast dekke, bilpressa står på fast dekke og bilsaneringa føregår i ein stor verkstadhall med fast dekke. Alt fast dekke er tilknytta ny oljeutskiljar. Det er investert mykje i fast dekke den seinaste tida, og stor, ny oljeutskiljar med alarm. Delebilar og ein del usanerte bilar står på grusdekke. Verksemda forklarar at debilar ikkje kan tømme for væske, fordi det vil sette ned omsetningsverdien til tankar pga. rusting. Det vert gjort ei risikovurdering og visuell sjekk av bilane for lekkasje, når dei kjem inn og før dei vert plassert på eigna dekke. Forsikringsbilar som kjem inn, står alltid på fast dekke til dei er ferdig tømde. Det var lite oljesøl å sjå på bakken tilsynsdagen, og det var lite forsøpling synleg rundt på plassen. Verksemda sto fram som ryddig, ordna og oversiktleg tilsynsdagen.

Avfallsforskrifta kap. 4 og løyvekrav 3.2 set krav om at område for lagring av kasserte køyrety skal skje slik at omsynet til helse, miljø og tryggleik vert teken vare på. Det er sett krav til fast, ugjennomtrengjeleg dekke på områder for lagring av ikkje tømde bilar, område for miljøsanering og område for pressing av bilvrak og pressa bilvrak. Fylkesmannen ser at anlegget har investert store summar dei siste åra i fast dekke og tappehall. Vi er av den oppfatning at verksemda kan klare å drifte forsvarleg med dei områder som alt er etablert med fast dekke. Men verksemda må planleggje aktivitetane sine betre, og forsterke og auke saneringstempoet av bilar i høgsesong for innlevering, eller redusere eller instille mottaket i periodar, i tråd med utsleppsløyvet sitt vilkår 2.3 første ledd. Verksemda må ha gode rutinar og mottakskontroll som sikrar at bilvrak vert oppbevart, utan fare for ureining til miljøet før sanering og pressing. Usanerte bilar må ikkje bli ståande for lenge utan at dei vert tømde, og bilar med synleg skade eller fare for lekkasje må alltid plasserast på fast ugjennomtrengjeleg dekke.

Avvik 3: Verksemda si handtering av kjemikaliar har manglar

Avvik frå: Produktkontrollova §§ 3 (aktsemd) og 3a (substitusjonsplikt)

Kommentar:

Verksemda manglar oversikt over kjemikaliar som er i bruk

Verksemda brukar lite kjemikaliar, men det vert brukt litt sprayboksar, malingsprodukt og ulike vaskemiddel/avfeittingsmiddel. Verksemda har ikkje liste over kjemikaliane eller sikkerheitsdatablad tilgjengeleg på produkta som vert brukte.

Verksemda har ikkje gjort ei substitusjonsvurdering av kjemikaliane som er i bruk

Verksemda var ikkje kjend med plikta om å gjere substitusjonsvurdering av kjemikaliar som brukast, og at ei slik vurdering skal dokumenterast skriftleg. Verksemda kunne vise til at det var gjort vurderingar i forhold til innkjøp av avfeittingsmiddel, for at det ikkje skulle påverke fråskiljing av olje i oljeutskiljar. Dette er substitusjonsvurdering i praksis, men verksemda må dokumentere skriftleg at miljø og helseomsyn vert tekne med i vurderinga om kva kjemikal som skal brukast.